

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		14.02.2020

## Endring av vedtekten til Stiftelsen Vestnorsk Jazzsenter

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet set seg ikkje imot den føreslegne endringa av Stiftelsen Vestnorsk Jazzforum sine vedtekter

### Samandrag

Vestland fylkeskommune har overteke Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar sin styreoppnemningsfunksjon til Stiftelsen Vestnorsk Jazzforum. Stiftinga legg til grunn at Vestland fylkeskommune ikkje får overført ansvar for å velje to, men berre éin styremedlem. For å oppretthalde det totale talet på styremedlemer, som er sju, ønskjer stiftinga å gje regionscenen i Rogaland, Stavanger jazzforum, ansvar for å oppnemne éin styremedlem. Dette føreset ei endring av stiftinga sine vedtekter.

Rune Haugdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
Fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune har overteke Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar sin styreoppnemningsfunksjon til Stiftelsen Vestnorsk Jazzforum (stiftinga).

Stiftinga sitt føremål er å arrangere konserter som er forankra i jazz og tilgrensande musikkformer. I tillegg skal stiftinga ivareta Norsk Jazzforbund sine regionoppgåver, også i form av ulike pedagogiske tiltak og turneformidling. Stiftinga skal fremje og delta i utvikling av musikarar og miljø som arbeider med jazz og tilgrensa musikkformer, for å auke interessa for slik musikk og skape attraktive miljø for oppretthaldning og utvikling av musikalske kvalitetar. Gjennom desse aktivitetane er det stiftinga sitt overordna og ideelle føremål å fremje kulturtilbodet til fastbuande og besøkande i regionen.

I stiftinga sine gjeldande vedtekter § 5 står det i dag følgjande om kven som skal oppnemne styremedlemar:

*Stiftelsen ledes av et styre på 7 medlemmer.*

*Styremedlemmene utpekes som følger:*

- *Hordaland fylkeskommune utpeker ett medlem*
- *Sogn og Fjordane fylkeskommune utpeker ett medlem*
- *Rogaland fylkeskommune utpeker ett medlem*
- *Bergen kommune utpeker ett medlem*
- *Norsk jazzforum utpeker ett medlem*
- *Musikergruppen i Norsk jazzforum utpeker ett medlem*
- *Bergen jazzforum utpeker ett medlem*

I brev til Vestland fylkeskommune 10.12.19, legg stiftinga til grunn at Vestland fylkeskommune ikkje får overført ansvar for å velje to, men berre éin styremedlem. For å oppretthalde talet styremedlemer, ønskjer stiftinga å gje regionscenen i Rogaland, Stavanger jazzforum, ansvar for å oppnemne éin styremedlem. Dette føreset ei endring av vedtekten § 5.

Endringsforslaget ser slik ut:

*Stiftelsen ledes av et styre på 7 medlemmer.*

*Styremedlemmene utpekes som følger:*

- *Vestland fylkeskommune utpeker ett medlem*
- *Rogaland fylkeskommune utpeker ett medlem*
- *Bergen kommune utpeker ett medlem*
- *Norsk jazzforum utpeker ett medlem*
- *Musikergruppen i Norsk jazzforum utpeker ett medlem*
- *Bergen jazzforum utpeker ett medlem*
- *Stavanger jazzforum utpeker ett medlem*

### Framgangsmåten for omdanning av stiftingar

Myndet til å omdanne eller godkjenne omdanning av stiftingar ligg til Stiftingstilsynet, jf. stiftlingslova (stiftl.) § 48. Det er styret i stiftinga som først gjer vedtak om eller søker om omdanning, og deretter sender søknaden eller vedtaket til godkjenning til Stiftingstilsynet, jf. stiftl. § 50. Før Stiftingstilsynet vedtek omdanning, skal styret innhente fråsegn frå opprettaren eller opprettarane av stiftinga, jf. stiftl. § 49.

### Vilkår for omdanning i lov og vedtekter

Omdanning kan mellom anna gjerast når ei føresegns i vedtekten er i strid med siktemålet i den disposisjon som dannar grunnlaget for stiftinga, t.d. fordi opprettaren sine føresetnader for føresegna har svikta eller er openbert uheldig eller ufornuftig, jf. stiftl. § 46. Dersom føresegna ikkje gjeld føremålet med stiftinga, og det elles må antakast at det ved opprettenga ikkje er lagt vesentleg vekt på den, kan omdanning skje når føresegna viser seg å vere uheldig eller ikkje føremålstenleg.

Når ei omdanning gjeld stiftinga sitt føremål, eller ei anna føresegns det må antakast at det vart lagt vesentleg vekt på ved opprettenga av stiftinga, skal omdanninga så langt som råd tilpassast det

opphevlelse føremålet eller det siktemålet som det må antakast låg til grunn for føresegna, jf. stiftl. § 47.

I stiftinga sine vedtekter § 7 står følgjande om omdanning:

*«Hvis det noen gang blir aktuelt på noen måte å omdanne denne stiftelse, må et hvert vedtak om dette tilgodese jazztilbudet i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane, herunder slik at stiftelsens ressurser ved en evt. oppløsning benyttes til fremme av nevnte jazztilbud.»*

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.7.

### Vurderingar og verknader

#### Fylkesrådmannen si vurdering av saka

I brevet frå stiftinga 10.12.19, legg stiftinga til grunn at ein praktisk konsekvens av overføringa av styreoppnemningsfunksjonen frå Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar er at talet politisk oppnemte styremedlemmar vert redusert frå fire til tre. Dette er bakgrunnen for at stiftinga ønskjer å invitere Stavanger jazzforum til å oppnemne éin medlem, slik at talet styremedlemmar vert som før.

Konsekvensen av ei samanslåing av fylkeskommunar er at rettar og plikter vert overført til den nye fylkeskommunen. Når Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar kvar har hatt til ansvar å oppnemne éin styremedlem med varamedlem, er konsekvensen av dette at Vestland fylkeskommune får ansvar for å velje to styremedlemar med kvar sine personlege varamedlemer. Verken vedtekene eller stiftingslova innehold noko forbod mot at eit organ kan peike ut fleire enn éin styremedlem. Dersom vedtekene ikkje vert endra, vil Vestland fylkeskommune derfor ha ansvar for å velje to styremedlemar med personlege varamedlemer til stiftinga.

Sjølv om det ikkje er noko forbod mot at eit organ kan peike ut fleire enn éin styremedlem, kan utforminga av vedtekene § 5 tyde på at dette ikkje har vore meningen, sidan kvar av dei nemnde oppnemningsorgana i gjeldande vedtekter berre skal peike ut éin medlem kvar. Dette kan t.d. stamme frå eit ønske om å involvere organ eller organisasjonar frå eit større geografisk område og frå både offentleg sektor og frå frivillige organisasjonar på lik linje. Stavanger jazzforum er ifølgje opplysningar registrerte i Brønnøysundsregistrene ein ideell organisasjon som jobbar for å fremje miljø for improvisert musikk. Dette kan tale for at den føreslegne vedtektsendringa er i tråd med stiftinga sin intensjon ved opprettinga.

På den andre sida vil overføringa av styreoppnemningsfunksjonen frå Vestland fylkeskommune til Stavanger jazzforum, medføre ein endra geografisk balanse når det gjeld kven som skal peike ut styremedlemmar. Det er uvisst om dette kan verke inn på stiftinga sitt overordna og ideelle føremål, som er å fremje kulturtilbodet til fastbuande og besøkande i regionen.

Fylkeskommunen si avdeling for kultur, idrett og inkludering har fått endringsforslaget til uttale og har ikkje hatt motførrestillingar mot forslaget slik det føreligg.

**Økonomi:** Ikkje relevant.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant.

#### Konklusjon

Fylkesrådmannen si tilråding er at fylkesutvalet ikkje set seg imot den føreslegne endringa av Stiftelsen Vestnorsk Jazzforum sine vedtekter.